

Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark – etter elvane, på innsjøar og i skjergarden –og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grinder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 – 20.8. Ver også varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9. Dersom du lagar bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp. Med telt kan du fritt overnatte

same stad i utmark inntil 2 døgn i låglan- det, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.



På vei mot Smivågen

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som forvaltar meir enn 170 friluftsområder på ca 22.000 dekar i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden. Medlemskommunane har eit samla folketal på omlag 328.000. BOF har 9 fast tilsette. Verksemda finansierast i hovudsak av kontingent frå medlemskommunane, tilskott frå stat og fylkeskommune, samt

inntekt frå drift av båttopplag og utleie av bygningar.

BOFs hovudoppgåve er i samarbeid med medlemskommunene, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk, samt å arbeide for større forståing for friluftslivets verdi, betre friluftskultur og utbreiing av friluftslivet.



Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen
Tlf: 55 39 29 50
www.bof.no



Sund kommune

Tyssøy friluftsområde



Smivågen



BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

Velkommen til Tyssøy!

Om Sund kommune

I Sund kommune er det i alt 466 større og mindre øyar. Dei fleste av desse er utan fast busetnad. Ein variert natur, sund, og vikar, skog og fjell og vatn, gjer at Sund er ein ideell plass for alle slags fritidsaktivitetar. I 1993 hadde kommunen eit folketal på 4996.

Historia til Tyssøy

Stadnamnet Tyssøy kan vere avleidd frå den norrøne guden Tyr. Kan hende var det denne guden som vart dyrka ved offersteinen like nord for Var'n, det høgaste punktet på øya. Munnlege overleveringar seier at kong Håkon den gode åtte garden Tyssøy på midten av 900-talet. Kong Håkon V. Magnusson (1270-1319) bygde seg eit kapell på øya i mellomalderen. Kapellet er no borte, men det står att store steinar på staden der kyrkja skal ha stått. Desse steinane blir no kalla for "Kyrkjesteinane".

Etter 1945 gjekk kommunikasjonane over frå sjøen til landevegen, og Tyssøy, som før låg sentralt til, vart liggjande utanom allfarveg. Fiskefartya forsvann, det var godt om betre betalt arbeid i Bergensområdet. Folk flytta frå øya. Steinmassene frå tunnelen under Vatløstraumen, brukt til å fylle att Nautasundet, gjer at Tyssøy no har vegsamband med fastlandet.



Tyssøy Friluftsområde

Friluftsområdet er eit stort og populært båtutfartsområde som no er blitt landfast. På fine dagar ligg båtane tett i Smivågen sør på øya. Fjæra rundt vågen er landgrunn og spanande for ungar å leike i og området har gode tilhøve for telting. På vestsida av Tyssøy er det fine svaberg med god badevik. Friluftsområdet er tilrettelagt med fortøyningsboltar. Området har også brønn med pumpe. Friområdet har eit areal på 368 dekar. Brusambandet med Bjørøy som er ein del av fastlandssambandet til Bergen vart opna 27. september 1997. Føl merka veg/sti om du tar deg inn til friluftsområdet frå nordsida.

Vis omsyn til natur og dyr når du ferdist i området. Bruk avfallsbøttene, kast ikkje boss i naturen. Knuste flasker kan skade både dyr og menneske.

